

I Vinjes fotefar på kulturkvelden

Til minne om at det i år er 150 år sidan Aasmund Olavsson Vinje skreiv boka "Ferdaminne", har lektor og forfattar Jon Severud bokstaveleg tala fylgt i fotefara til Vinje og skrive boka "Ei gjenreise". Du får oppleve reisa til både Severud og Vinje i årestoga på Bygland fredag 5. november. Han har med seg bilete frå turen, slik at du får eit føredrag både for auge og øyre.

Ordet "gjenreise" finst ikkje blant norske substantiv, så det var på tide at nokon innførte det, seier Jon Severud. Severud tek føre seg Vinjes skildring av "Grauten på Grut", og har oppsøkt garden der grauten vart servert. Han har òg overnatta på Vinjes eigen gard, Eidsbugarden. Til og med senga til Vinje har Severud rekonstruert - på garden Sundnes på Innerøya i Nord-Trøndelag. Me spekulerte på om han hadde hatt ei romanse her, men fann det aldri ut, fortel Severud.

Eg fann ut at eg ville gå sjølv, forklårar Severud. Og rusling høver meg bra, sjølv om det er 16 år sidan eg var i form, spøker han. Helse og mosjon står forresten oftast i vegen for røyk og refleksjon, og eg tykte det var tungt å kome i gang med vandrainga frå Kristiania til Trondheim. Men Vinje reiste ikkje heile vegen til fots, han tok òg karjol og båt, kan han avsløre. Dessutan er det ikkje mogleg å fylgje fotefara til Vinje heilt nøyaktig, for mange av grusvegane er no asfalterte. Men Severud har gått same ruta og gjenoppdaga landskapa og funne fram til plassane der Vinje skapte sine menneskeskildringar. Han har òg tala med etterkomarane.

Aasmund Olavsson Vinje vart født i 1818 i Vinje i Telemark og døydd i 1870 på Gran på Hadeland. Han var ein av dei fyrste til å ta i bruk landsmålet som Ivar Aasen hadde utvikla, og den første som nytta landsmål i prosa. Me har mykje å takke Vinje for; han var både forfattar, lærar (ved Mandal Borgerskole frå 1844) og journalist, og reknast som grunnleggjar av den moderne journalistikken. Han skreiv rundt 700 artiklar for Drammens Tidende, men gav frå 1858 ut "Dølen", eit vekemagasin han måtte gje opp etter to år pga. dårleg økonomi. Det var etter dette at han gjorde reisa som vart til dei to hefta "Ferdaminne 1 og 2". Reisa var ein slags ferie som han skulle toppe med kroninga av Karl 15. i Nidarosdomen. Om han opplevde ein ferieført, har ingen klart å finne ut av, men det me veit, er at han hadde eit tragisk kjærleiksliv. Han gifta seg med Rosa Constance Sophie Kjeldseth i 1869. Ho døydd i barselseng i 1870 etter å ha fått ein son. Det var eit stort tap for Vinje, og 30. juli same år vert han funnen død. Det viste seg at han hadde kreft i magen. Ved Søsterkirkene på Gran er det reist et monument over han, og der er han òg gravlagd.

Det er ikkje til å kome utanom dei mest kjende linene i diktinga til Vinje. Han er kjend for sin naturlyrikk i "Huldra" og "Rondane" i "Ferdaminne" og diktet "Ved Rundarne" opnar umiskjenneleg:

"No ser eg atter slike Fjöll og Dalar,
som deim eg imin fyrste Ungdom saag,"

Mange har drøfta kva for fjell Vinje såg ut på. Nokre meiner han sat ved skrivebordet sitt i Kristiania og skreiv diktet.

Samlaget har gjeve ut "Ferdaminne" på nytt i år, i Olav Mitdtuns utgåve frå 1947. Den har forklåringar heilt bak fordi det er ei skuleutgåve.

- (...) ei gjenreise som set den moderne Vinjes 1860-talstankar i eit perspektiv prega av både 1900-talets filosofi og tankar som er tenkte inn i det 21. hundreåret.

Olav Kobbeltveit i Bergens Tidende 5. mai 2010

- En utmerket ferdastav i fotsporene fra den gang er boken *Ei gjenreise* av Jon Severud. Forfatteren risser opp utsyn og linjer og gir den moderne vandrer all kunnskapshjelp han kan ønske seg for å få best utbytte av Vinjes vandre bok.

Karsten Alnæs i Aftenposten 3. juli 2010

- Retorikaren Severud (...) skriv seg ein essayretorikk der han analyserer Vinjes *Ferdaminne*, gjer dei til sine og syner oss vegen vi har gått til her og der vi er. Nå. Det er godt gjort.

Jan Askelund i Stavanger Aftenblad, 1. juni 2010